

TYARK AS
STRANDGATEN 19
5013 BERGEN

Dato	02.02.2022
Vår referanse	2022/1703-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggjegrensa - FV 5308 Sagstadvegen - gnr 318 bnr 12 - Alver kommune

Vi viser til søknad motteke 20.12.2021.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrensa for å oppføre ein ny einebustad på eigedomen.

Eit av vilkåra i rammeløyvet til Alver kommune er «Avkøyrsla til fylkesveg 5308 skal utbetrast i samsvar med gjeldande krav.». Dette punktet er etter ei oppmoding frå Statens vegvesen si uttale datert 28.11.2019. Vi ber difor om at teikningar av avkøyrsla vert sendt til oss for gjennomgang og godkjenning.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5308 Sagstadvegen for å oppføre ny einebustad på gnr. 318 bnr. 12 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 18.10.2019.
2. Avstanden frå bustaden (inkludert takutspring) til senterlina på fv 5308 Sagstadvegen skal vera minst 34 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrsla må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5308.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 400. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «mindre streng» jf. Rammepplan 2021-2024. Den opnar for dispensasjon frå byggegrensa på 30 meter.

Vi vurderer at ny einebustad på eigedomen ikkje vil kome i konflikt med siktlinene. Det vert ikkje fleire bueiningar som vil føre til auka bruk av avkøyrsla. Vi minner om at vi skal ha tilsendt teikningar for utbetring av avkøyrsla jf. rammeløyvet til Alver kommune.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi løyve til tiltaket som det er søkt om.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen

senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes

rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 **situasjonsplan_A10-01_Situasjonsplan.pdf**

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4